



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

NOU 2010: 7 Mangfold og mestring. Høyringsfråsegn

Innleiing

Utdanningsforbundet sitt hovudinntrykk er at *NOU 2010: 7 Mangfold og mestring* er eit stort, grundig og fagleg solid arbeid som vil vere eit godt grunnlag for vidare arbeid på området. Diskusjonen om utdanningssystemet i Noreg er ein sentral del av den politiske debatten om korleis vi ønskjer å utforme velferdssamfunnet vårt for framtida. Diskusjonen om utdanningssystemet handlar mellom anna om å realisere visjonar og mål om kunnskap og danning som dei fleste vil vere samde i, men diskusjonen handlar også om prioriteringar som er meir politisk kontroversielle. Utgreiinga frå utvalet og forslaga som vert presenterte er difor viktige bidrag i den utdanningspolitiske debatten i Noreg.

Utdanningsforbundet er svært nøgd med at utgreiinga har ei gjennomgåande positiv tilnærming til fleispråklegheit og kulturelt mangfald. Det vert framheva av utvalet at den kulturelle kompetansen og dei erfaringane innvandrane har, er viktige bidrag både lokalt og nasjonalt. Dette er etter vår vurdering ei viktig og riktig tilnærming. Dette utelukkar likevel ikkje ei vedkjenning av at området er komplekst og at utfordringane er mange. Det er vår vurdering at utgreiinga balanserer dette på ein god måte.

Utdanningsforbundet kan utan reservasjonar slutte seg til idealet om å arbeide for eit språkrikt og kulturrikt utdannings- og samfunnsfellesskap tufta på mangfald. Det er viktig å arbeide for ei forståing av at fleispråklege og fleirkulturelle medborgarar utgjer ressursar og ein kulturell kapital for Noreg. Det handlar om å sjå dei mange utviklingsdimensjonane for samfunnet vårt, og ikkje berre den einsidige økonomiske nytteverdien der barnehage og skule er ei forlenging av den økonomiske politikken. Noreg er eit lite land i ei kompleks og omskifteleg verd. Vi er avhengige av ei open tilnærming til omverda og aktive relasjonar til andre land og folk.

Utdanningsforbundet stør også innstillinga si framheving av fem hovudperspektiv: tidleg innsats, langvarig andrespråksopplæring, fleispråklegheit som verdi, kompetansebehov i opplæringssektoren og implementeringsutfordringar.

Tidleg innsats er ein gjennomgåande tanke i utgreiinga, og eit prinsipp vi stør fullt ut. Det gjeld innsats tidleg i det enskilde barn sitt liv, det vil seie tiltak knytt opp mot førskulealder og barnehage. Det inneber også tidleg innsats når det vert avdekt problem i høve til læringsprosessar og språkleg utvikling på ulike stadium i opplæringa. Tidleg innsats

er dessutan avgjerande for seint komne barn, unge og vaksne, som må få den støtte og oppfølging dei treng for å lukkast i det norske utdanningssystemet og i arbeids- og samfunnsliv. Plikta til tidleg innsats gjennom større lærartettleik på 1.-4. årssteg, jf. § 1-3 i opplæringslova, må følgjast opp gjennom at løftet om maksimumsgrense for talet på elevar per lærar ved kvar skule vert innfridd.

Vi deler utvalet sitt syn på språklæring når dei støttar seg til forskning som syner at det tek frå fem til sju år å lære eit andrespråk så godt at det fungerer som eit fullverdig opplæringspråk. Andrespråkopplæringa må difor vere langvarig og må halde fram også etter at elevar er overførte til ordinær opplæring.

Utdanningsforbundet meiner fleirspråklegheit er ein grunnverdi, har ein eigenverdi og er ein verdfull kompetanse i eit pluralistisk og fleirkulturelt samfunn og på ein internasjonal arbeidsmarknad. Tanken bør vere å støtte ei haldning som oppfattar eit fleirkulturelt perspektiv som normalperspektivet. Eit mangfaldperspektiv vil gje fleire nyansar som ein nyttig korreksjon til det som mange i dag oppfattar som det normale.

Utdanningsforbundet er samd med utvalet i at kompetanse er ein kritisk variabel for å sikre implementering av læreplanar, for å setje i verk eigna tiltak for å kompensere for sosial bakgrunn og mangelfull språkkompetanse, og for å drive systematisk arbeid med sikte på å utvikle gode opplæringstilbod. Det vil såleis vere behov for kulturkompetanse, tverrkulturell kommunikasjonskompetanse, kunnskap om sosiale og kulturelle endringsprosessar, kompetanse i norsk som andrespråk, kunnskap om fleirspråklegheit og fleirkulturell pedagogikk.

Utdanningsforbundet meiner det er eit klart forbettringspotensial i høve til å implementere dagens lovverk på ein god måte slik at krav i barnehagelov og opplæringslov vert oppfylt. Lov og føresegner stiller i dag krav om å gje fleirspråkelege eit godt opplæringstilbod, men det er dokumentert på fleire vis at dette i varierende grad vert følgt opp i praksis.

Utdanningsforbundet stør utvalet fullt ut i framlegget om å innføre ein meir ambisiøs pedagognorm i barnehagen. Utdanningsforbundet meiner at gruppestorleik og lærartettleik er grunnleggjande for å kunne få til tilpassa opplæring for alle innanfor fellesskapet. Vi stør utvalet si vurdering av at det må innførast minstestandardar for lærartettleik gjennom at Regjeringa må innfri løfta sine frå Soria Moria II om å leggje til rette for fleire lærarar gjennom styrka kommuneøkonomi og ved å endre opplæringslova.

Utdanningsforbundet er kritisk til utgreiinga på særleg to område der vi finn vurderingar og tiltak lite konsistente: vurderinga av styringssystem og økonomi.

Utgreiinga reiser mange spørsmål i skjeringspunktet mellom nasjonale intensjonar og lokal implementering. Utdanningsforbundet sluttar seg til den underliggjande systemkritikken vi finn i utgreiinga når stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) Kvalitet i skolen vert sitert på at:

Gapet mellom det staten forventer, og sektorens evne til å realisere disse forventningene er en systemutfordring som den enkelte lærer eller rektor ikke kan møte alene, men som skoleeierne sammen med nasjonale skolemyndigheter må ta tak i.

Vurderingane i utgreiinga synest likevel i stor grad å ha å ha som grunnleggjande premiss at problem i forholdet mellom tinga nasjonal politikk og lokal implementering, i stor grad vert

avgrensa til å drøfte ulike typar av lokal svikt; til dømes manglande barnehagefagleg/ skulefagleg kompetanse i kommunane, mangelfulle kvalitetssikringssystem, ufullstendig rapportering, utilstrekkelege kompetanseutviklingstiltak for personalet m.m. Nokre av tiltaka utvalet presenterer handlar om større dosar av same medisin i staden for å analysere og problematisere dei systemutfordringane som uvalet sjølv så vidt peikar på.

Mange av tiltaka som utvalet legg fram er isolert sett gode og konstruktive, men samla og i sum kan dei i staden for å fremje den intenderte kvalitetsforbetringa lett føre til auka byråkrati. Omfattande kartleggingar, utviding og forbetring av kvalitetsvurderingssystem, oppfølging av implementering av læreplanane, ståstadsanalysar, omreisande rettleiarkorps og rapporteringar kan vere døme på dette.

Det er Utdanningsforbundet si vurdering at utvalet underkommuniserer behovet for auka økonomiske ressursar ved realisering og gjennomføring av tiltaka i utgreiinga. Utvalet peikar på at mange av tiltaka handlar om haldningsendringar, og som såleis er kostnadsfrie. Utvalet konstaterer elles at nokre av tiltaka vil ha lovendringar som føresetnad, og at nokre vil vere økonomisk ressurskrevjande. Berre nokre få av desse tiltaka er kostnadsberekna av utvalet. Det kan synest som om dei tiltaka som får ein prislapp, er dei som er enklast å berekne kostnaden av. Tiltak som utvalet meiner berre i liten grad vil ha ei kostnadsside er kompetanseutvikling og lovendringar. Mange tiltak vert rekna som administrative og utan kostnad, men administrasjon har alltid ei kostnadsside. Tiltak som utvalet ikkje finn grunn til å berekne kostnaden av er blant anna tiltak som vil gje innsparingar over tid, men det er Utdanningsforbundet si vurdering at kostnadene på kort sikt av desse viktige tiltaka er kraftig undervurderte i utgreiinga. Andre tiltak som ikkje er kostnadsberekna, er tiltak som i følge utvalet, vil kunne gje innsparingar på budsjettområde i andre sektorar. Vi deler utvalet si vurdering av at mange av tiltaka vil vere ei førebyggjande investering og samla sett god samfunnsøkonomi, men vi veit samstundes at koplinga mellom utgifter på kort sikt og innsparingar på lengre sikt er mest fråverande i budsjettprosessane både lokalt og sentralt. Det avgjerande vil til slutt vere om det er politisk handlekraft til å gjere dei påpeika prioriteringane no.

Hovudsynspunkt

- Utdanningsforbundet er fullt ut samd i framlegget om å auke pedagogtettleiken i barnehagen ved å innføre ein meir ambisiøs pedagognorm.
- Utdanningsforbundet meiner det snarast må innførast nasjonale minstestandardar for lærartettleik. Vi stør sterkt utvalet si vurdering om at det må opnast for færre klassar for den einskilde lærar for å gje meir tid til rettleiing og oppfølging av einskildelevar.
- Vi stør utvalet sitt framlegg om å styrke krava til skulefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skulenivået.
- Vi stør utvalet i at krav til barnehagefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen må nedfellast i barnehagelova.
- Utdanningsforbundet er samd i at skuleeigar sitt ansvar for å sikre god samanheng og overgang frå barnehage til skule og mellom skuleslaga, vert forankra i opplæringslova.

Overføring av informasjon mellom barnehage og skule, og mellom skuleslaga må regulerast i barnehagelova og opplæringslova.

- Utdanningsforbundet stør framlegget om at det vert innført gratis tid tilsvarande 20 timar i veka for alle barn i barnehage. Vi er samd i at kontantstøtta vert utfasa.
- Utdanningsforbundet stør framlegget til tillegg i § 2 i barnehagelova. ”Barnehagen skal arbeide aktivt med å fremme alle barns norskspråklige kompetanse. Barnehagen skal også støtte barn med annet morsmål enn norsk i bruk av sitt morsmål.” Utdanningsforbundet stør fleirtalet i at særskilt språkopplæring i barnehagen ikkje bør innførast som ein generell, individuell rett.
- Utdanningsforbundet er samd i framlegget om kartlegging av språkbruken i barnehagen, men vi presiserer at kartlegging av språkutvikling hos einskildbarn vert avgrensa til dei som etter det pedagogiske personalet si vurdering har behov for det.
- Utdanningsforbundet stør mindretalet sitt framlegg om at det vert innført ein individuell rett til morsmålsopplæring for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring.
- Utdanningsforbundet stør mindretalet sitt framlegg om at det vert obligatorisk å nytte læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar. Det må også vurderast å gjere kartleggingsverktøyet til læreplanen obligatorisk.
- Utdanningsforbundet er samd med utvalet i vektlegginga av kompetanse både for å kunne oppfylle barn, unge og vaksne sine rettar etter lov og forskrift og for å kunne følgje opp mange av dei tiltaka utvalet peikar på. Skal utvalet sine tiltak knytt til kompetanseutvikling kunne realiserast, må løyvingane til dette aukast kraftig.
- Utdanningsforbundet meiner god rådgeving i heile utdanningssystemet er eit sær viktig verkemiddel for å motverke til dømes feilval og seinare fråfall frå vidaregåande opplæring. God individuell, sosialpedagogisk rådgeving vi kunne vere avgjerande for elevar som slit i kvardagen. Skal krava til rådgeving i lov og forskrift kunne oppfyllest, må det etter Utdanningsforbundet si vurdering satsast på kompetanseutvikling innanfor rådgevingstenesta i langt sterkare grad enn det som går fram av utgreiinga.
- Utdanningsforbundet meiner utvalet er inkonsistent og inkonsekvent i vurderinga av styringa av utdanningssektoren. Utvalet peikar på systemutfordringar og ”strukturelle problem” knytt til å kunne innfri nasjonale forventningar, men konkluderer likevel med at hovudutfordringa i sektoren særleg skuldast lokal svikt. Utdanningsforbundet saknar ei gjennomgripande analyse av dei nasjonale styringsmidla i utdanningssektoren når ein vurderer den lokale implementeringa.

Kapittel 5 Den språklige situasjonen

Utdanningsforbundet meiner kapitlet utgjer eit fagleg godt grunnlag for dei vurderingar og tiltak som utvalet presenterer i utgreiinga.

Utdanningsforbundet støt utvalet si vurdering i at elevane sin identitet og fleirspråklege kompetanse i sterkare grad vert løfta fram i det norske utdanningssystemet. Fleirspråklegheit må vurderast som ein ressurs både for den einskilde og for samfunnet. Dersom målet om ein inkluderande fellesskule skal kunne realiserast, må kulturelt og språkleg mangfald vurderast som normaltilstanden i skulen der alle sine bidrag til læringsfellesskapet vert verdsett.

Utvalet syner til stor semje innan forskinga knytt til at barn har lettast for å utvikle omgrep og forståing på eit språk dei meistarar godt, og at på lang sikt vil difor kognitiv dugleik utviklast best viss elevane får opplæring som byggjer på den språklege dugleiken som allereie er utvikla gjennom morsmålet i førskulealder. Innlæringa av eit andrespråk (norsk) vil difor gå lettast og ha størst utbytte dersom elevane samstundes får høve til å utvikle eit omfattande apparat av omgrep på morsmålet sitt. Utdanningsforbundet sluttar seg til desse vurderingane og meiner dette inneber at elevane sitt morsmål må få ein større plass i norsk skule.

Kapittel 6 Opplæringssektoren – Styring, økonomi og organisering

Basert på andre NOU'ar, evalueringar, rapportar og kartleggingar konkluderer utvalet med at det skjer mykje godt fagleg og pedagogisk arbeid i barnehage, skule og høgare utdanning, men at sektoren likevel står overfor store utfordringar. Utdanningsforbundet kan i all hovudsak slutte seg til det biletet som vert teikna av utvalet og av dei utfordringane ein står overfor.

Utdanningsforbundet sluttar seg til at det er behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget i barnehagen gjennom god og påliteleg statistikk og oppdatert forskning. Dette vert også stadfesta av Kunnskapsdepartementet som i stortingsmelding nr. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen peikar på at "barnehagen er et underforsket område og at kunnskapsgrunnlaget på barnehagefeltet ikke er godt nok" På denne bakgrunn er det ein tankekross når Riksrevisjonen i si undersøking av styring og forvaltning av barnehagetenestene konkluderer med at barnehagane har "lite tid og midler til kompetansehevingstiltak til tross for et stort behov."

Utdanningsforbundet meiner det er ei overordna nasjonal styringsutfordring når utvalet siterer Midtlyngutvalet på at:

"Det er en utfordring når forskning viser at opplæringstilbudet har så varierende kvalitet fra en kommune til annen, fra en skole til en annen og innad på samme skole, at det blir stilt spørsmål ved om Norge har en fellesskole."

Utdanningsforbundet konstaterer med uro, men utan undring, at utvalet har registrert ei oppfatning i sektoren om at "regelverket gjelder så langt pengene strekker."

Det har i fleire år vore større behov for opplæring av minoritetsspråklege barn og unge enn dei statlege overføringane gjev rom for. Kombinert med uklar lovforståing av rettane til barna/elevane oppnår ein ikkje dei faglege resultata som fører til god integrering av innvandrarane. Statleg underbudsjettering fører også til lågare progresjon i oppfølginga av minoritetsspråklege.

Utdanningsforbundet meiner at i det vidare arbeidet med inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar, må ein ta omsyn til at ressursbruken knytt til opplæring av minoritetsspråklege barn, unge og vaksne har vore for låg. Vi meiner at minoritetsspråklege elevar må verte ein del av kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane på lik line med nøkkelen for kommunane.

Utdanningsforbundet er samd i at det er store utfordringar knytt til implementeringa av Kunnskapsløftet som reform. Det er behov for sterkare nasjonal styring og tydelegare ansvarsdeling mellom forvaltningsnivå. Det er også behov for betre informasjonsflyt, betre regelverksforståing og kompetanseheving innanfor det fleirkulturelle området.

Utdanningsforbundet stør framlegget om at Fylkesmannen må få ei auka rolle knytt til å gje informasjon og rettleiing med sikte på kvalitetsutvikling til brukarane i barnehage og skule. Fylkesmannen må også auke tilsynsaktiviteten, mellom anna ved nasjonalt tilsyn etter §§ 2-8 og 3-12 i opplæringslova. Fylkesmannen må tilførast auka ressursar for å kunne gjennomføre desse aktivitetane. Det må etablerast tenlege sanksjonsverktøy til bruk ved alvorlege regelbrot.

Kapittel 7 Barnehage og andre tilbod i førskolealder

Utdanningsforbundet deler utvalet si vurdering om at barnehagen er den beste arenaen for inkludering og språkutvikling for barn i førskulealder. For minoritetsspråklege barn kan barnehagen såleis stå i ei særstilling i høve til andre arenaer knytt til å kunne praktisere norsk før skulestart. Utdanningsforbundet stør utvalet i at det difor må vere eit mål å auke barnehagedeltakinga blant barn med eit anna morsmål enn norsk.

Utdanningsforbundet stør utvalet sitt framlegg om å skjerpe § 2 i barnehagelova knytt til å arbeide aktivt for å fremje barna sin norskspråklege kompetanse og til å støtte barna si utvikling av morsmålet.

Utdanningsforbundet er samd i at tilskotet til barn av nykomne flyktningar, må utvidast utover dagens tilbod på 15 timar i veka til minimum 20 timar per veke, som i dag er kjernetida i barnehagen.

Utdanningsforbundet stør framlegget om at det vert utvikla tenlege språkkartleggingsverktøy for barn med anna morsmål enn norsk. Bruk av kartleggingsverktøy må basere seg på profesjonelt skjønn og pedagogane si evne til å vurdere kva form for kartlegging det er behov for og kven som har behov for kartlegging. Der kartlegging vert nytta, må det stillast kvalitetskrav til kartleggingsverktøya. Det er også behov for å utvikle pedagogisk og språkstimulerande materiell som speglar samfunnet og barnegruppa sitt språklege og kulturelle mangfald i samsvar med føringar i rammeplanen.

Utdanningsforbundet stør framlegget om at det vert utarbeidd ein rettleiar i foreldresamarbeid i barnehagen.

Utdanningsforbundet vil sterkt understreke behovet for kompetanseutvikling i barnehagen. Utvalet peikar sjølv på at ”Mangelen på etter- og vidareutdanningsbudsjetter, og deres beskjedne omfang der de finnes, representerer et strukturelt problem.” Tiltaka til utvalet er på dette området diverre ikkje i samsvar den diagnosen utvalet stiller.

Kapittel 8 Minoritetsspråklige elever i grunnskolen

Utdanningsforbundet sluttar seg i hovudsak til dei vurderingar og tiltak som utvalet presenterer i dette kapitlet.

Undersøkingar syner at minoritetsspråklege elevar i grunnskulen har høg motivasjon for læring. Samstundes er det signifikante skilnader i læringsutbyttet mellom elevar med norsk og

minoritetsspråkleg bakgrunn. Utfordringane synest å vere ekstra store for elevar som kjem til Noreg på eit seint stadium i skulegangen. Mykje kan truleg forklarast med at minoritetselevane sine foreldre har eit gjennomgåande lågare utdanningsnivå enn norske foreldre. Utdanningsforbundet er samd med utvalet i at det er behov for ei rekkje konkrete tiltak for å redusere utslaget av elevane sin sosiale bakgrunn gjennom både generelle og spesifikke tiltak.

Utvalet har registrert at det er stor variasjon i kvaliteten på den særskilte norskopplæringa som minoritetsspråklege elevar får tilbod om. Utdanningsforbundet meiner dette kan skuldast uklart regelverk, svak regelverksforståing og manglande kompetanse, organisering og økonomi. Det same synest å gjelde for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Utdanningsforbundet meiner at det er stort rom innanfor dagens lov- og regelverk til auka bruk av særskilt språkopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Utdanningsforbundet er samd med utvalet i at det vert gjort endring i § 2-8 i opplæringslova slik at elevar som vert overførte til ordinær læreplan i norsk framleis skal ha rett til særskilt språkopplæring. Like eins støttar vi ei presisering av kva retten inneber med omsyn til omfang, fag- og timebyteplan m.m. Ordinær læreplan i norsk bør reviderast slik at eit perspektiv om språklæring og andrespråk vert betre integrert.

Utvalet har delt seg i eit fleirtal og eit mindretal i spørsmålet om det skal innførast ein individuell rett til morsmålsopplæring i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Utdanningsforbundet syner til utvalet si gjennomgåande positive vurdering av morsmålet og stør mindretalet i utvalet. Vi meiner at retten til morsmål ikkje bør vere knytt til og avgrensa av kor god eleven er i norsk. Vi meiner utvalet i si generelle vurdering av morsmålet har argumentert godt for mindretalet sitt standpunkt. Utdanningsforbundet sluttar seg til denne argumentasjonen.

Utvalet har også delt seg i eit fleirtal og eit mindretal i spørsmålet om læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar skal vere obligatorisk eller berre ei normalordning med høve til å fråvike den. Utdanningsforbundet stør mindretalet i utvalet som meiner at læreplanen bør vere obligatorisk. Valfridom finst ikkje for andre læreplanar i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Sjølv om denne læreplanen er ein nivåbasert overgangsplan, er ikkje det i seg sjølv noko argument for valfridom. Vidare er dagens valfridom ikkje innretta mot behova til einskildelevar, men til alle elevane ved skulen/i kommunen. Utdanningsforbundet legg vekt på at valfridomen vil innebere meirarbeid for lærarar gjennom å tilpasse den ordinære læreplanen i norsk på ymse årssteg. Vi meiner det er lite tenleg å opne for ein slik valfridom når det allereie er utarbeidd ein eigen læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar nettopp for dette formålet. Utdanningsforbundet er noko usikker på om kartleggingsverktøyet til denne planen også bør vere obligatorisk.

Utdanningsforbundet konstaterer at hovudformålet med læreplanen i morsmål for språklege minoritetar er ”å styrke elevens forutsetningar for å beherske det norske språket.” Vi kan ikkje sjå at denne læreplanen legg opp til å handsame og utvikle kulturarven som ligg i morsmålsfaget. Etter vår vurdering framstår morsmålet i denne planen mest som eit instrument for språkutviklinga i norsk, og vil i liten grad medverke til at elevar sin fleirspråklegheit vert understøtta. Framstillinga av formålet i læreplanen skil seg klart frå formålet med faget slik det vert presentert i læreplanane i dei andre språkfaga. Her går det fram at

språkkompetanse gir mulighet for deltakelse i internasjonale sammenhenger og bidrar til å gi et mer nyansert bilde av internasjonale prosesser og hendelser. I en verden med økende mobilitet og digital samhandling er kompetanse i flere språk og interkulturell kompetanse en forutsetning for kommunikasjon og deltakelse på mange områder.

Utdanningsforbundet støt utvalet i si tilråding om at læreplanen i morsmål for språklege minoritetar i langt sterkare grad tek opp i seg den positive tilnærminga til fleirspråklegheit som ein finn i læreplanen for framandspråk. Vi støt såleis framlegget om at denne læreplanen vert omarbeidd.

Utdanningsforbundet støt framlegget om at elevar med anna morsmål enn norsk får høve til å ta morsmålet sitt som fag, som alternativ eller tillegg til framandspråk. Vi meiner også at tilbodet om å ta ikkje-vestlege språk som framandspråk bør utvidast.

Kapittel 9 Minoritetsspråklige elevar i vidaregåande opplæring

Utdanningsforbundet er i hovudsak samd med uvalet i deira vurderingar og tiltak knytt til vidaregåande opplæring.

Vi syner til kapittel 8 i denne fråsegna som har nokre gjennomgåande vurderingar knytt til heile grunnopplæringa.

På same vis som minoritetsspråklege elevar i grunnskulen har høg motivasjon for læring, synest dette også å vere situasjonen i vidaregåande opplæring. Samstundes presterer minoritetsspråklege elevar gjennomgåande svakare enn majoritetsgruppa på det målbare læringsutbyttet. Det er også grunn til uro over at desse elevane har lågare grunnleggjande dugleik og at fråfallet for gruppa samla sett er høg.

Utdanningsforbundet vil i noverande situasjon støt utvalet i at det vert oppretta ei særskilt ordning for nykomne elevar slik at dei får høve til å oppnå generell studiekompetanse eller yrkeskompetanse utan eksamen i ordinær norsk. Vi vil støt ei ordning med ein eigen test der greidd test erstattar kravet om greidd ordinær norsk for å få generell studiekompetanse. Vi vil samstundes peike på at det framleis er behov for ein læreplan i norsk som andrespråk (NOA). Denne planen vil kunne vareta både eit behov for språklæring og å gje minoritetsspråklege elevar god kunnskap om norsk språk og kultur tilpassa deira kulturelle og språklege bakgrunn. Vi meiner også at opplæring i og eksamen etter NOA-planen vil gje elevane betre føresetnader for studier ved universitet og høgskular. Vi rår difor til at denne planen vert vidareført inntil ny særskilt ordning ligg føre.

Vi støt at elevar som kjem til Noreg seint i skulegangen og som har lite skulegang frå før, får rett til grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A-1 før vidaregåande opplæring.

Utvalet har delt seg i eit fleirtal og eit lite mindretal i vurderinga av om det bør stillast strengare krav om norskkunnskapar for inntak til vidaregåande opplæring gjennom krav til fullført og greidd grunnskule. Utdanningsforbundet støt ikkje mindretalet sitt framlegg om å endre § 6-10 i forskrift til opplæringslova slik at det vert krav om gjennomført norskopplæring før retten til vidaregåande opplæring vert utløyst. Utdanningsforbundet meiner at dette framlegget vil innebere å gjere skilnad på ulike elevgrupper i minoritetsspråklege sin disfavør.

Utdanningsforbundet erkjenner at manglande kompetanse i norsk vil vere hemmande i høve til å gjennomføre vidaregåande opplæring, men vi meiner ei ordning med eit ekstra år i grunnskulen og med høve til eit ekstra Vg0-år og å kunne ta Vg1 over to år, er ein betre veg å gå, sjølv om det vil forlengje skuletida.

Utdanningsforbundet er samd med utvalet i at det er behov for ei samordning i heile grunnopplæringa når det gjeld klagehandsaming knytt til vedtak om særskilt språkopplæring etter §§ 2-8 og 3-12 i opplæringslova. Utdanningsforbundet kan ikkje sjå at det er nokon rimeleg grunn til at departementet (Fylkesmannen) skal vere klageinstans for grunnskulen, jf. § 15-2 i opplæringslova, medan vedtak i vidaregåande opplæring kan påklagast internt i fylkeskommunen med heimel i forvaltningslova. Utdanningsforbundet rår til at § 15-2 i opplæringslova vert endra til også å omfatte klage på vedtak etter § 3-12.

Kapittel 10 Innføringstilbud for nyankomne elever

Ein grunnleggjande intensjon for den norske fellesskulen er ei inkluderande opplæring som sikrar ein elevfellesskap på tvers av fagleg nivå, kjønn og etnisk tilhør. Dette omsynet vart klart presisert då § 8-2 i opplæringslova vart endra med verknad frå 1. august 2009. Lovgjevar peika i førearbeidet til lovendringa på at sosialt tilhør og eit godt læringsmiljø er viktig for læringa og trivselen til elevane. Det vart presisert at organiseringa av opplæringa må ta vare på elevane sitt behov for sosial tryggleik og stabilitet. Denne ideen om inkludering vil ikkje minst vere viktig for minoritetsspråklege.

Samstundes vil dette grunnleggjande omsynet kunne støyte mot ønskje om eit tilpassa og godt fagleg utbytte av opplæringa for særleg seint komne minoritetsspråklege elevar. Ein står då overfor eit vanskeleg dilemma mellom integrering i ein klassefellesskap der desse elevane vil ha manglande språklege føresetnader i norsk, og segregering i ein eigen innføringsklasse, eventuelt ved ein innføringsskule, der opplæringa i norsk i større grad kan tilpassast det språklege nivået eleven ligg på.

På bakgrunn av norsk kommunestruktur og busetnadsmønsteret til minoritetsspråklege familiar, vil det vere behov for fleksible ordningar på dette området. Utvalet presenterer fleire modellar for innføringstilbod for minoritetselevar; innføringsklassar ved nærskulen eller tilbod på eigne innføringsskular. Utvalet grunnjev framlegga om å opne for slike ordningar med at eit separat tilbod for ein periode kan gje betre grunnlag for inkludering på sikt ved at elevane då får betre dugleik i norsk og betre faglege føresetnader før dei går inn i ordinær klasse. Utdanningsforbundet kan etter ei samla vurdering av kva som tener eleven best slutte seg til ei ordning om innføringstilbod. Utdanningsforbundet legg til grunn at den lovendringa som framlegget krev, vert følgt opp av klare og forpliktande, nasjonale retningslinjer til dømes knytt til kompetansekrav, lengda på tilbodet og til bruken av fag- og timebyteplan og vurdering. Utdanningsforbundet vil primært tilrå ei ordning med innføringsklasse på nærskulen der elevane er knytt til ein ordinær klasse i til dømes praktisk-estetiske fag. Utdanningsforbundet ser samstundes at det nokre stader i landet vil kunne vere tenleg å etablere innføringsskular der det er samla stor fagleg kompetanse og der personalet har kompetanse innan fleirkulturell forståing.

Utdanningsforbundet vil tilrå at det vert utarbeidd ein rettleiar knytt til slike tilbod.

Kapittel 11 Opplæring spesielt organisert for voksne etter opplæringsloven

Utdanningsforbundet støt utvalet i deira vurderingar og tiltak knytt til opplæring særleg organisert for voksne.

Vaksne sin rett til grunnskule og vidaregåande opplæring er eit viktig område for å medverke til utjamning av sosiale og økonomiske skilnader mellom innvandrargruppene og majoritetsgruppa. Det vil såleis vere avgjerande å finne fram til ordningar som medverkar til at denne gruppa får tileigna seg grunnleggjande dugleik og tilfredsstillande kompetanse i norsk språk, slik at dei innan relativt kort tid vert kvalifiserte for den norske arbeidsmarknaden.

Utdanningsforbundet er heilt på line med utvalet i vurderinga av statusen for vaksenopplæringa. Vi er samde om at det trengst eit monaleg løft for denne gruppa. Det er vidare vår oppfatning at det er lite forskingsbasert og statistisk kunnskap på området, at dei voksne i for liten grad kjenner rettsgrunnlaget, at informasjon, rettleiing og rådgjeving er mangelfull, og at regelverksforståinga og –etterlevinga er svakare enn ønskjeleg. Vi meiner at det trengst kunnskapsutvikling på området. Vaksenopplæring er eit lite felt som mange – også lærarar – veit lite om. Mange lærarar manglar utdanning i vaksenpedagogikk og kunnskapsleiing i multikulturelle grupper.

I vaksenopplæringa må det etablerast betre og meir forpliktande samarbeidsordningar mellom kommune og fylkeskommune. Organiseringa av og innhaldet i denne opplæringa må vurderast samla for å sikre eit godt tilbod.

Det er positivt at NAV vert introdusert med sine ordningar parallelt med norskopplæring i starten av introduksjonsprogrammet. Det vil sikre betre samarbeid mellom NAV, tilbyder av introduksjonsprogrammet og vaksenopplæringa. Dette vil også sikre større grad av individuell tilpassing av opplæringstiltaka innanfor introduksjonsprogrammet.

Utdanningsforbundet meiner retten til rådgjeving i vaksenopplæringa må forankrast i opplæringslova. Vi meiner òg at voksne minoritetsspråklege som får opplæring i norsk og samfunnskunnskap, skal ha lovfesta rett til eigen kontaktlærar.

Utdanningsforbundet er samd i at reglar om særskilt norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring vert bygd inn i §§ 4A-1 og 4A-3 i opplæringslova.

Ein del av deltakarane i vaksenopplæringa nyttar om lag eitt år på norskopplæring innan dei startar på delar av fag frå grunnskuleopplæringa for voksne. Dei gjennomfører såleis delar av grunnskuleopplæringa samstundes med introduksjonsordninga, og sikrar seg pengar til livsopphald i to år. Men mange vil trenge meir enn to år for å oppnå vitnemål frå grunnskulen, og vil oppleve at den økonomiske støtta til livsopphald stoppar før vitnemålet er oppnådd. Vilkåra i Statens lånekasse for utdanning for omgjerding av noko av lånet til stipend vil også vere avgrensande. Utdanningsforbundet meiner vilkåra for å gje støtte til livsopphald i form av stipend frå Statens lånekasse må endrast.

Praksiskandidatordninga inneber ein rett til å melde seg til fag- og sveineprøve når ein har minst fem års relevant praksis i faget. Utdanningsforbundet meiner det er uheldig at noverande ordning som byggjer på læring gjennom praksis på arbeidsplassen godkjenner ein skriftleg tradisjonell skuleeksamen som einaste vurderingsform. Vi meiner at ein bør gå attende til tidlegare ordning der praksiskandidatane kunne melde seg til fag- og sveineprøve utan å

framstille seg for teoriprøve dersom dei kunne dokumentere pliktig gjennomført teoriopplæring eller realkompetansevurdering.

Kapittel 12 Introduksjonsordning og opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Utdanningsforbundet meiner det er ei utfordring at samanhengen mellom opplæringslova og introduksjonslova er svak. Opplæringstilbodet for vaksne minoritetsspråklege står fram som fragmentert og fordelt på mange aktørar, frå overordna statleg nivå (Kunnskapsdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet) til førstelinenivået. Dette kan blant anna føre til hindringar for at målet om rask overgang til utdanning eller arbeid kan verte oppnådd.

Utdanningsforbundet meiner at eit heilskepeleg familieperspektiv må liggje til grunn for individuelle planar knytt til introduksjonsordninga. Mellom anna bør det leggjast til rette for barn si deltaking i barnehage, med tilskot til foreldrebetalinga, medan foreldre tek del i introduksjonsprogrammet. Dette vil truleg òg kunne medverke til at kvinner i større grad fullfører programmet og at ein større del av kvinnene vert aktive i arbeidslivet etter fullført program.

Utdanningsforbundet er samd i at noverande reglar om fullført opplæring innan tre år bør erstattast av ei ordning der opplæringa må starte innan eitt år etter at rett og plikt er utløyst, og at dette kan knyttast saman med eit krav om gjennomstrømming.

Utdanningsforbundet ser med uro på at mange ikkje vil ha rett til gratis norskopplæring etter 1. september 2010 då overgangsordninga opphøyrer frå denne datoen.

Kapittel 13 Minoritetsspråklige studenter i høgere utdanning

Utdanningsforbundet er samd med utvalet i vurderingar og tiltak.

Høgare utdanning er eit sentralt bidrag til økonomisk og sosial utjamning og utvikling, og såleis også til vellukka integrering i samfunns- og arbeidsliv. Ei satsing på språkleg og kulturelt mangfald vil i høgste grad vere samfunnsøkonomisk lønsamt. Utdanningsforbundet meiner at universitet og høgskular må jobbe aktivt for å rekruttere studentar og tilsette med ein brei og samansett livsbakgrunn. Dette handlar også om å gjere høgare utdanning meir tilgjengeleg for alle grupper. Rekrutteringsarbeidet må intensiverast på fleire hald. Det er til dømes ønskjeleg at minoritetsspråklege studentar i større grad vel utdanningar som helse- og sosialfag, lærarutdanningar og mediefag som er profesjonsområde som har direkte kontakt med breie lag av folket og der studentane vil kunne fungere som premissleverandørar, haldningsberarar og rollemodellar.

Kapittel 14 Overganger mellom opplæringssystemets nivåer

Utdanningsforbundet sluttar seg fullt ut til vektlegginga av fokuset på gode overgangar mellom barnehage og skule, mellom skuleslaga og mellom vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Gode overgangar kan vere avgjerande for vidare studie- og yrkesval.

Utdanningsforbundet er samd i at skuleeigar sitt ansvar for å sikre god samanheng og samhandling ved overgang frå barnehage til skule og frå skule til skule, må forankrast i opplæringslova.

Vi meiner det må etablerast gode rutinar for kunnskapsoverføring. Omfanget av dokumentasjon og kartlegging må vere tenleg og utarbeidd etter faglege vurderingar basert på behovet til barna/elevane. Det vil vere ein føresetnad for gode overgangar at aktørane har klare og tydelege forventningar til kvarandre og at synet på læring og språkutvikling er samanfallande. I overgangen mellom barnehage og skule, mellom barnesteg og ungdomssteg og i overgangen til vidaregåande opplæring er det særleg viktig med eit godt samarbeid med heimen, både for å kunne avdekke behov for felles innsats på einskildområde og for å synleggjere og etablere viktige samarbeidsarenaer på det neste steget. God overgang mellom ungdomsskulen og vidaregåande opplæring er viktig for blant anna å redusere omfanget av fråfall frå vidaregåande opplæring.

Utdanningsforbundet vi streke under at det må vere kommunen, som barnehage- og skolemynde, som har det overordna ansvaret for at slike rutinar vert etablerte og at dei vert gjennomført ved overgangane mellom barnehage og skule, og frå barnesteg til ungdomssteg i grunnskulen. På same måte vil det vere eit fellesansvar for kommunen og fylkeskommunen å utarbeide rutinar for overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande opplæring. Informasjonsflyten knytt til overgangar må vere forankra i leiinga i barnehagen/på skulen.

Kapittel 15 Barn av asylsøkere og enslige mindreårige asylsøkere

Barnehage og skule er sentrale arenaer for einslege mindreårige asylsøkjarar og for barn av asylsøkjarar i høve til inkludering, og vil såleis vere av stor verdi for språkutvikling og psykososial helse.

Utdanningsforbundet meiner at barn av asylsøkjarar skal ha rett til barnehageplass.

Departementet har tidlegare uttalt at desse barna skal ha rett til barnehageplass i kommunen dersom det er grunn til å tru at opphaldet i kommunen vil vare i meir enn tre månader. Utdanningsforbundet meiner at retten til barnehageplass ikkje skal avgrensast til opphald i meir enn tre månader, og at det også her er viktig med tidleg innsats. Dersom denne tidsavgrensinga likevel vert vidareført, meiner vi at retten må relaterast til at det er truleg at opphaldet i *Noreg* vil vare i meir enn tre månader. Dette av omsyn til at mange må flytte til mottak i andre kommunar etter kort tid.

For å sikre at retten til barnehageplass vert reell, må det tilførast midlar til å dekke foreldrebetalinga.

Utdanningsforbundet meiner at asylsøkjarar i mottak som har gjennomført 250 timar norskopplæring og som framleis oppheld seg i mottak, skal ha rett til vidare opplæring.

Vi meiner at tilskotsordningane knytt til opplæring i asylmottak må styrkast og at informasjon og rettleiing til barnehage- og skuleeigarar gjennom nettverksbygging, rettleiing og informasjonsarbeid må betrast.

Kapittel 16 Minoritetsspråklige og spesialundervisning

Utvalet dokumenterer i utgreiinga at minoritetsspråklege elevar synest å vere overrepresenterte i spesialundervisninga. Utdanningsforbundet meiner likevel at det er relevant å stille spørsmål ved om dette er utslag av språklege eller kulturelle tilhøve meir enn at det handlar om dei spesialpedagogiske behova til elevane. Det bør på eit tidleg tidspunkt gjennomførast ei

kartlegging for å få stadfesta eller avkrefta om det ligg føre spesielle behov knytt til lese- og/eller skriveproblem eller utslag av eventuelle medbragte traumar.

Utdanningsforbundet meiner at behovet for kompetanseutvikling er stort på området, både på skulenivå, skuleeigarnivå og i PPT og det spesialpedagogiske støttesystemet. Mellom anna er det behov for å skilje mellom spesialpedagogiske behov etter kapittel 5 i opplæringslova og behovet for særskilt språkopplæring for minoritetsspråklege etter §§ 2-8 og 3-12 i opplæringslova.

Utdanningsforbundet meiner at ressursgrunnlaget for PP-tenesta må styrkast slik at dei kan vere tettare på barnehage og skule. Tenesta må vidareutvikle kompetanse på læringsmiljø, problemåtfærd og samansette lærevanskar, og vere meir til stades i barnet/eleven sitt læringsmiljø som rådgjevar og rettleiar.

Kapittel 17 Foreldresamarbeid

Utdanningsforbundet meiner at verdien av eit godt samarbeid mellom barnehage/skule og heim knapt kan overvurderast i arbeidet med å skape eit godt læringsmiljø som grunnlag for trivsel og godt læringsutbytte.

I møtet med foreldre frå andre land med andre skulesystem meiner Utdanningsforbundet at det vert særleg viktig å avklare forventningane til kvarandre. Foreldra sine forventningar byggjer ofte på eigne erfaringar frå skulegang i land med heilt andre skulesystem enn det norske. Foreldra bør få tilbod om rettleiing og dei bør få informasjon om korleis skulen legg til rette for særskilt språkopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Ikkje minst vil det vere viktig å ha ei felles forståing av når barnet/eleven eventuelt har behov for ekstra tilrettelegging og ekstra støtte.

Utdanningsforbundet meiner barnehagar og skular bør leggje til rette for bruk av tolk i møte mellom barn/elev, foreldre og tilsette når språklege føresetnader kan gjere dialog og samarbeid vanskeleg.

Kapittel 18 Læremidler i skolen

Utdanningsforbundet stør utvalet sine vurderingar knytt til læremiddel i skulen.

Kartleggingar syner at minoritetsspråklege elevar i stor grad nyttar dei same læremidla som majoritetsspråklege elevar. Dette skaper ofte problem ved at læremidla inneheld einskildord, omgrep og samansette uttrykk som kan vere vanskeleg å forstå for minoritetsspråklege. Læremidla manglar ofte andrespråksperspektiv og likestillingsperspektiv i høve til majoritet og minoritet og dei tek i liten grad omsyn til læreplanane for språklege minoritetar. For skular med nynorsk som hovudmålform finst det ikkje lærebøker som er tilpassa språklege minoritetar.

Det er Utdanningsforbundet si vurdering at det er eit stort udekka behov for nyutvikling, vidareutvikling og tilpassing av læremidlar for språklege minoritetar. Vi stør difor utvalet når dei peikar på at tilskotsordninga til læremiddel for minoritetsspråklege må styrkast.

Utvalet legg i heile utgreiinga stor vekt på digitale og nettbaserte læringsressursar. Utdanningsforbundet er samd i at slike digitale læremiddel kan vere tenlege for mindre språkgrupper. Vi er også samd i at nettbasert opplæring og fjernundervisning vil kunne vere

gunstig knytt til manglande fagleg kompetanse eller språkkompetanse i nærområdet. Vi vil likevel reservere oss noko i høve til utvalet si tru på denne løysinga. Vi ser mange praktiske utfordringar ved ei slik opplæring samstundes som vi meiner utvalet har undervurdert kostnadene ved innføring og drift av infrastrukturen knytt opp mot slike tilbod.

Utvalet peikar i kapittel 11 på bruken av nynorsk som opplæringsspråk og som målform i læremiddel for minoritetsspråklege. Utdanningsforbundet meiner at for å kunne praktisere norsk i naturlege samanhengar, er det mykje som peikar i retning av at norskopplæringa bør koplast tettare mot den lokale tilknytinga elevane/deltakarane har. Dette bør tilseie større bruk av lokal dialekt og nynorsk som opplæringsspråk i delar av landet. Ein føresetnad for å kunne nytte dialekt og nynorsk som opplæringsspråk, er at det ligg føre læremiddel på nynorsk. Utdanningsforbundet rår difor til at det vert utarbeidd læremiddel for minoritetsspråklege også på nynorsk.

Kapittel 19 Læringsmiljø

Utdanningsforbundet er samd med utvalet i vurderingane av læringsmiljøet.

Utdanningsforbundet meiner det er godt dokumentert at elevåtferd kan påverkast av skulen og at mobbing og diskriminering kan førebyggjast gjennom heilskapeleg, systematisk og langvarig arbeid som involverer heile skulesamfunnet, elevane og heimane.

Utdanningsforbundet meiner at det fleirkulturelle fokuset må vere ein naturleg del av arbeidet med læringsmiljø i barnehagar og skular og hjå barnehage- og skuleeigarar. Ein kulturell fellesskap er ein føresetnad for at barn og unge skal kunne byggje gode og trygge relasjonar på tvers av kulturelle, religiøse og etniske skilnader. Læringsmiljøet må pregast av forventningar til/frå heim, skule og elevar om læring, åtferd og innsats.

Det er Utdanningsforbundet si vurdering at skular og skuleeigarar i større grad enn i dag må praktisere ein rekrutteringspolitikk som speglar det kulturelle og språklege mangfaldet i samfunnet.

Kapittel 20 Kompetanse

Utdanningsforbundet deler utvalet sitt syn på at god og relevant kompetanse i alle delar av utdanningssystemet er avgjerande for å kunne sikre eit godt og stabilt opplæringstilbod for ulike grupper minoritetsspråklege. Vi meiner det er eit sterkt behov for kompetanseutvikling blant anna i form av etter- og vidareutdanning, for tilsette i barnehagar, skular, vaksenopplæring, høgare utdanning, PPT og det spesialpedagogiske støttesystemet knytt til fleirspråkleg og fleirkulturell opplæring.

Vi meiner at kompetanse i mellom anna norsk som andrespråk, fleirkulturell pedagogikk, fleirkulturell forståing og kulturkompetanse må leggjast inn som ein obligatorisk del av all førskulelærer-, lærar- og skuleleiarutdanning. Vi vil samstundes åtvare mot ein tendens til å presse fleire og fleire tema inn i lærarutdanningane. Også innanfor desse utdanningane må ein prioritere sterkt, slik at talet på emne som skal omhandlast ikkje går på kostnad av tid til fagleg og pedagogisk fordjuping.

Utdanningsforbundet meiner at det heilskapsperspektivet som ligg i utvalet sitt mandat, krev tverrfagleg og tverretatleg samarbeid. Pedagogar i den einskilte barnehage og skule har høg kompetanse på å sikre eit godt læringsmiljø, men dei treng også hjelp av spisskompetanse på

ulike andre område. Tverrfagleg og tverretatleg samarbeid må styrkast og forbehold, og det må leggjast til rette for ymse samarbeidsrutinar og trekkjast opp tydelege grensegangar mellom pedagogiske oppgåver og oppgåver som må handterast av andre tenester.

Utvalet rår til at det vert oppretta eit senter for språkpolitikk som skal forske på språklæring, språkutvikling og språksosialisering. Utvalet meiner senteret bør få som mandat å leggje til rette for at barn får eit rikt språkmiljø heime, i barnehage og skule, og vere Noregs samla forskings- og utviklingsmiljø for barn si tidlege tileigning av språk. Utdanningsforbundet har vurdert opprettinga av eit slikt senter opp mot å leggje oppgåvene til allereie eksisterande kompetansmiljø, men har etter ei samla vurdering kome til at slagkrafta og gjennomslaget truleg vert størst viss ein samlar spisskompetansen på området på eitt senter. Utdanningsforbundet støt difor opprettinga av eit senter for språkutvikling.

Kapittel 21 Økonomiske og administrative konsekvenser

Utdanningsforbundet syner til kommentarar i innleiinga i denne fråsegna.

Utvalet peikar i kapitlet på at ”vesentlege deler av effektene av tiltak som utvalget foreslår vil manifestere seg som innsparinger på andre sektorers budsjettområder.”

Utvalet syner vidare til at tiltaka vil vere samfunnsøkonomisk lønsame og at god utdanning medverkar til økonomisk vekst og kan på sikt redusere behova for helse-, sosial- og trygdeytningar. Utvalet legg også grunn til at mange av tiltaka er knytt til haldningar – og at dei som såleis ikkje utløyser store utgifter.

Som vi peika på innleiingsvis, meiner Utdanningsforbundet at utvalet underkommuniserer behovet for økonomisk satsing for å kunne realisere tiltaka. Vi meiner utvalet undervurderer dei økonomiske utfordringane knytt til eventuelle lovendingar. Det same gjeld for behovet for kompetanseutvikling, med mindre det skal skje innanfor noverande ramme til erstatning for andre heilt preterande behov.

Vi vil også understreke at mange av dei tiltaka som utvalet kallar administrative har ein kostnad. Administrasjon har alltid ei kostnadsside. Nye oppgåver krev nye ressursar.

Utdanningsforbundet er sjølvstendig samd i at utdanning er ei god investering i lys av både oppnådd kompetanse og økonomi – både for samfunnet og den einskilde. Samstundes veit vi at dei økonomiske mekanismene ikkje alltid følgjer den logikken som utvalet legg til grunn.

Realiseringa av tiltaka i utgreiinga vil til sjuande og sist vere knytt til om politiske styresmakter syner handlekraft til å gjere dei rette prioriteringane.

Med vennleg helsing
for Utdanningsforbundet

Torbjørn Ryssevik
avdelingssjef

Einar Ove Standal
spesialkonsulent